

Arsaka til mange tragediar i bygdene

er at ungfolket lyt venta for lenge på å sleppa til.

Men Sigrun Okkenhaug slutta med leiken var god og er vorten kårkone.

Dess eldre ein blir, dess tyngre er det å gje frå seg, anten det er gard eller tillitsyrke, seier ho.

I ei sjøbygd på Austlandet slumpa eg til å bli buande på ein uvanleg velstelt og veldriven gard ei stund i sumar. Folká var greie, gardsarbeidet gjekk med liv og lyst og glede, og sjeldan har eg set så godt samarbeid mellom foreldre og born. Husbonden var ein midaldra mann som det var gildt å prata med. Han hadde ikkje lese seg til meiningane sine i bøker og blad, han hadde sjølv funne fram til dei.

Odel retten og foreldre og born på ein gard var eit spørsmål han hadde tenkt mykje på. Det hadde seg slik at eldste sonen som var eit framifrå godt bondeemne, ein dag hadde sagt at han vilde bli dokter, det var det han alltid hadde hatt mest hug til. Det kom svært uventa på bonden dette at odelsguten sa frå seg garden. Til å byrja med hadde han teke det tungt, men etter kvart var han komen til at det kanskje var best det gjekk slik det gjekk. Før han hadde fleire gutar, gode bondeemne dei au.

No trudde han helst det var gale at eldste guten skulle ha odelsretten, det var betre den nesteldste hadde retten, dersom det skal gå etter rekkjefylgja dei kjem til verda, og ikkje etter kven som høver best til å ta garden. Eøndene er jamt over i sin beste alder når eldste guten blir så vaksen at han får hug til å ta over. Dei er ikkje ferdige til å gje frå seg garden. Så går odelsguten der og ventar, år etter år, ja ti-år etter ti-år sumtid. Dei gamle likar seg ikkje, og han likar seg endå mindre. Og verst blir det gjerne dersom han gifter seg og kjem til gards med sonekone.

Nei, det er betre den eldste tek ut og den nest eldste får garden. Då er ofte dei yngre syskena vaksne nok til å flygja or reiret og foreldra gamle nok til å gje frå seg, var denne mannen komen til, etter alt han hadde set og høyrte og tenkt.

Eg har tala med fleire som gjev han rett. Det spelar vel sterkt inn at le-

vælderen har auka i seinare tid.

Her om dagen råka eg Sigrun Okkenhaug i byen, og då eg spurde nytt fortalde ho at ho nett hadde vorte kårkone.


— Kårkone? Men kvifor i all verda, så ung og frisk og sterk De ser ut? Er De ikkje retteleg frisk?

Då lo ho godt. Men så vart ho alvorleg att og sa mangt som fekk meg til å hugsa det den bonden sa i sumar:

— Dei som er unge må få lov til å byrja på eiga hand. Det er ein stor uting at ungfolket lyt gå i årevis utan ansvar og utan å få ta til for sin eigen del. Dei skal ikkje gå der under dei gamle så lenge at dei blir modlause og lei av heile greia. Eg trur det er årsak til mange tragediar kring i bygdene.

— Men er det ikkje hardt å gje frå seg når ein er så ung og frisk og sterk?

— Dess eldre eit menneske blir, dess venskelegare har ein for å gje frå seg, — anten det er gard eller kva det er. Sjå på dei som har tillitsyrke i bygde-



Okkenhaug.

Sigrun Okkenhaug -



styring og landsstyring, i lag og samskipnader. Nei, vi skal slutta med leiken er god og med vi kan slutta. Og då skal ein helst ha stelt seg slik at ein har noko å leva for sidan, og.

— Bridge?

— Eg såg i eit dameblad at ingen har sytt for alderdomen sin utan å ha lært spela bridge; men eg synest det går an å syta for sin alderdom på betre måtar.

— De skal vel skriva?

— Det og. Eg vart nyleg ferdig med novellesamlinga «Merket» som kjem hos Norli i haust saman med dei to barnebøkene mine, og no er eg i ferd med eit skodespel. Elles er det mangt å ta seg til.

— Korleis er det å vera kårkone?

— Eg har berre så vidt flytta inn i kårstova, så det kan eg ikkje seia enno.

— Kor lenge har De vore gardkone?

— Det spørst korleis De reknar. Eg vart ungkone på Okkenhaug i 1907. Frå 1913 hadde mannen min og eg eit småbruk, til vi tok over Okkenhaug i 1922.

— Er det stor skilnad på å vera småbrukarkone og gardkone?

— Småbrukarkona har så lite hjelp at ho må slita mykje sjølv. Gardkona har det lettare såleis, der blir det meir styring. Men spør heller andre om slikt, eg har ikkje vore noka flink bondekone. Og no må eg gå.

Så strauk ho sin kos.

Men eg tek meg lov til å tru at ho kan ikkje ha vore så verst ei bondekone lell. Eg har ikkje høyrte anna enn at ho har styrt godt. Endå ho har hatt andre ting og å stå i. Ho har skriva skodespel, barnebøker, og andre bøker og har jamt skriva både i målblad og andre blad. Ho har vore med i mållagsarbeid og anna lagsarbeid, halde foredrag, vore postopnar, bibliotekar, og sjølv veit kva ho ikkje har gjort. Og så har ho fått tid til å setja in i verda 11 born og få dei godt fram, i ei tid då ordet krise har surra om pyro både seint og tidleg, ikkje minst i bygdene. Den eldste, Paul, har nettt teke over garden, attåt at han er komponist. Så er det Oddbjørg som er husmor på Staup hagebruksskule, Arne som er sekreter i Norsk Rikskningkasting, Magne har gått skogskulen, Håkon går Vinterlandbruksskulen, Åse gifte seg med ein lærar i sumar og Knut studerer filologi. Den åttande døydde då ho var lita. Erling går på gymnaset i Levanger, Gunhild og Øyvind er heime. Den yngste er 14 år.

Korleis har ho fått tid til alt?

— Ho eig denne trygge ro, seier folk som kjenner henne. Kanskje noko av løyndomen ligg i det.

Ein gong Sigrun Okkenhaug var ein stad og heldt foredrag, hadde ho med seg Gunhild som var berre 5 år. Då

mora skulle tala ville ikkje gjentungen sitja nede i salen mellom berre ukjende folk. Så fekk ho bli med fram til scena, der skulde ho sitja på eit av troppestega opp til talarstolen. Midt i foredraget sette ho i å skrika slik at ingen kunde høyra noko av foredraget. Mang ein talar hadde vel vorte nervøs i eit slikt høve, men Sigrun Okkenhaug bygde seg roleg ned og spurde kva som feila. — Tannpine, gret smågjenta. — Kom skal eg halda i handa di, så går det over, trøysta mora. Og smågjenta kom med handa, tannpina gav seg, og Sigrun Okkenhaug heldt fram med foredraget, som ikkje gjorde mindre verknad av di ho stod der med barnehanda i si.

Ja, Sigrun Okkenhaug har gjort mangt som er utom det vanlege. Men det som har imponert meg mest er det te siste, at ho slutta med leiken var god og let ungfolket sleppa til Andre talar om å gjera slikt. Men ho har gjort det.

FRIFANT.